

Saksframlegg

Saksbehandlar: Jarlaug Lauritsen, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 13/3572-10

Kulturmidlar 2014 - løyvingar til diverse tiltak**Framlegg til vedtak:****Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Det vert fordelt følgjande løyvingar frå teneste 7900

1	Vestnorsk Jazzsenter	100 000
2	Vestlandsutstillinga	100 000
3	Sogn og Fjordane Symfoniorkester	100 000
4	Stiftinga Singerheimen	300 000
	SUM	600 000

- 2 Det vert sett av følgjande til fylkeskommunale tiltak frå teneste 7900 og 7750

a	Ungdomens kulturmonstring	620 000
b	Fylkesting for ungdom/UPU	219 000
c	Driftstilskot idrettsanlegg	200 000
d	Skjøtsel kulturminne	100 000
e	Kurs og konferansar	200 000
f	Samarbeidsavtale Harmonien	110 000
	SUM	1 449 000

Totalt: **kr 2 049 000**
 =====

- 3 Det vert ikkje løyvd tilskot Langelandsmonumentet på Nordfjordeid.
- 4 Vilkår for utbetaling til organisasjonar/institusjonar er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett.

Vedlegg:

1. Søkjaroversyn
2. Retningsliner

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Inkomne søknadar

SAKSFRAMSTILLING

1 BAKGRUNN

I denne saka vert det rådd til fordeling av fylkeskommunale midlar til større tiltak/institusjonar og fylkeskommunale tiltak og andre tiltak. Det ligg føre 5 ulike søknadar frå organisasjonar/institusjonar og løyving til fylkeskommunale tiltak.

Dei fylkeskommunale tiltaka gjeld faste tiltak som fylkeskommunen enten sjølv står ansvarleg for, eller har avtalefesta med eksterne partar. Summane som vert tilrådde er dei same som for 2013.

Av summen som er sett av til fordeling på teneste 7750 – Idrett og teneste 7900 - kulturmidlar på totalt 6,730 mill, vert det i denne saka tilrådd løyving på 2,049 mill kroner slik:

Teneste 7750 – idrett, kr 200 000 til driftstilskot til idrettsanlegg

Teneste 7900 – kulturmidlar – dei resterande løyvingane på tilsaman kr 1,849 mill kroner

Det vert elles vist til omtale om økonomi og generelle kriterier i sak til fordeling av tilskot til lag og organisasjonar som er vert handsama i dette møtet.

2 VURDERING

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det naturleg å leggje til grunn at tilskot til eksterne aktørar skal vere med og realisere fylkeskommunale mål og prioriteringar slik desse m.a. er uttrykt gjennom fylkesplanen og i vår eigen kulturstrategi. Frivillig innsats, dugnad, nynorsken sin stilling, m.m. er i fylkesplanen framheva som viktige verdiar ved Sogn og Fjordane. Dette er såleis viktige føringar for bruken av fylkeskommunale midlar.

Fleira av tiltaka i denne saka handlar om samarbeid på Vestlandet, og der fleire av fylkeskommunane på Vestlandet er inne med delfinansiering (VJ og VU). Dette er tiltak som på ein positiv måte medfører auka aktivitet i Sogn og Fjordane, og som gir aktørar i fylket vårt tilgang til kompetanse og nettverk i nabofylka, og dels også internasjonale kontaktar.

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkestinget, FT-sak 53/06, som seier at føresetnadane for å få tilskot til lag og organisasjonar er at følgjekort for funksjonshemma vert akseptert.

Fylkesdirektøren legg til grunn at organisasjonar og arrangørar med fylkeskommunale tilskot til sin aktivitet aksepterer denne ordninga.

Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett.

3 KORT OM DEN ENKELTE SØKJAR

1. Vestnorsk Jazzsenter (VJ)

Sogn og Fjordane fylkeskommune er medstiftar i Vestnorsk Jazzsenter. Vestnorsk vert støtta av Norsk Kulturråd, dei 3 vestlandsfylka og Bergen kommune. Jazzsenter skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for dei ulike aktørane på jazzfeltet på Vestlandet, bl.a. gjennom VRAK og utdanningsinstitusjonane. Dei samarbeider med Balejazz om utvikling festivalen i Balestrand,

herunder også økonomisk bidrag. VJ brukar også Balejazz som møteplass for internasjonale kontakter (arrangørar, formidlarar, journalistar, m.m.). VJ har ei sentral rolle i å bidra med å utvikle jazzmiljøet i Sogn og Fjordane, og samarbeider også med Førdefestivalen i utvikninga av Folkjazzscena i fylket. Dei har og eit samarbeid med Førdefestivalen og BRAK gjennom det regionale rytmiske kompetansesenteret (VRAK). Gjennom nye prosjektinitiativ der VJ er sentrale ser fylkesdirektøren at det skjer ei utvikling av musikklivet også i vårt fylke. Det vil difor vere naturleg å vurdere å øyremerkje støtte til VJ inn mot prosjekt som heilt tydeleg har Sogn og Fjordane som nedslagsfelt for sin aktivitet, samstundes som tilknytninga til VJ er viktig for å sikre tilgangen til kompetanse og nettverk som institusjonen sit på.

I tillegg til driftsstøtte søker VJ om tilskot til jazzsommerskurs i Jølster. Formålet er å inspirere særlig unge til å spele improvisert musikk. Kurset er i samarbeid med Jølster Jazzklubb. Søknad frå Jølster Jazzklubb vert handsama i sak om festivalar i dette møtet. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til Jølster Jazzklubb og finn ikkje å kunne løyve tilskot til VJ til same formål.

Søknadssum: kr. 125 000 i driftsstøtte

midlar til jazzsommerskurs

Tilråding: kr. 100 000

2. Vestlandsutstillinga

Vestlandsutstillinga er eit samarbeid mellom dei fire vestlandsfylka, kunstnarorganisasjonar og kunstlag på Vestlandet. Formålet er å arrangere ei årleg utstilling med kunstnarar som har tilknytning til Vestlandet. Utstillinga skal vise samtidskunst av høg kvalitet og alle kunstnarar med tilknytning til Vestlandet har rett til å sende inn arbeid for vurdering. Vestlandsutstillinga mottek støtte frå dei tre andre fylkeskommunane, og kunstforeningar. Utstillinga vert vist i kunstlag i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Visingsstad i Sogn og Fjordane er i år Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Søknadssum: kr. 120 000

Tilråding: kr. 100 000

3. Sogn og Fjordane Symfoniorkester

Sogn og Fjordane Symfoniorkester (SOFORK) som starta opp i 2003, har som mål at fleire i fylket skal få kjennskap til og høyre levande symfonisk musikk. Musikarane er unge og vaksne, profesjonelle og amatørar som skal få oppleve å musisere i symfoniorkester. Det er ein viktig møtestad for profesjonell, musikkstudentar og amatørar. SOFORK har fått støtte frå fylkeskommunen, sponsorar, m.m. Unge strykarelevar frå ulike kulturskular i fylket medverkar. Distriktsmusikarane i fylket utgjer ei viktig grunnstamme i dette orkesteret, samstundes som orkesteret er eit viktig motivasjons- og utviklingstiltak for musikarane. Det vart mot slutten i 2013 gitt ei administrativ løyving på kr 50 000 til Symfoniorkesteret sine nyttårskonserter i 2014.

Søknadssum: kr. 150 000

Tilråding: kr. 100 000

4. Stiftinga Singerheimen

Stiftinga Singerheimen er ein ideell organisasjon som har som formål å vedlikehalde hus, inventar og kulturskattar som ekteparet Singer gav til folket i Sogn og Fjordane. Stiftinga Singerheimen skal og drive egedomen på ein verdig måte som ein kulturinstitusjon. Fylkeskommunen hadde tidlegare ansvar for drift og vedlikehald ved Singerheimen. Singerheimen er no ei eiga stifting med eige styre. Hovudutval for kultur oppnemner styret. Økonomisk grunnlag for drifta og vedlikehald vert skaffa til veie gjennom inntekter ved utleige, kurs og omvisning i tillegg til tilskot frå fylkeskommunen, kommunen, m.fl. Stiftinga har ei stor bygningsmasse å ta seg av. Denne treng vedlikehald og istandsetjing, ikkje minst etter store stormskader etter orkanen Dagmar. Det er søkt Kulturminnefondet om midlar til vedlikehald. Det har den siste tida vore jobba for å få lokale til å bruke Singerheimen og få til eit anlegg som kan presenterast med stolt- og verdigheit overfor omverda. Det er sett i gang ein dugnadsinnsats gjennom Singerheimens Venner, men det krevst likevel midlar til ustyr og vedlikehald. Det vert og prøvd ut nye måtar å få inn pengar på til Singerheimen. Fylkesdirektøren tilrår ein auke på kr 50 000 i tilskot til

Singerheimen. Auken i tilskot vert relatert til istandsetjing av bygningar og er føresett inngå som regional støtte knytt til statlege støtteordningar.

Søknadssum: kr. 350 000

Tilråding: kr. 300 000

d. Komiteen for Langelandsmonumentet, Nordfjordeid

På Nordfjordeid er det teke initiativ til å få reist ei statue i bronse av krigshelten og rettferdsforkjempar Oliver H. Langeland. Statua skal stå på/ved den gamle eksersisplassen på Nordfjordeid. Det vert bl.a. forventa midlar frå forsvarsdepartementet, kommunen og næringslivet til fundament og statue. Fylkeskommunen sine kulturmidlar skal i hovudsak nyttast til ulike kulturaktivitetar i fylket. Fylkesdirektøren finn det ikkje naturleg å nytte kulturmidlar til dette prosjektet og avslår søknaden om tilskot til monument på Nordfjordeid.

Søknadssum: kr 200 000

tilråding: avslag

4 FYLKESKOMMUNALE TILTAK

a) Ungdommens kulturmønstring (UKM)

Kulturavdelinga står som arrangør av Ungdommens Kulturmønstring, UKM. Gjennom deltaking i kommunane får ungdom i alderen 10-20 år delta med ulike sceneinnslag, video eller utstillingsarbeid. Kommunane i fylket arrangerer kommunemønstringar og ungdomane nyttar UKM sitt sentrale påmeldingssystem. Frå fylkesmønstringa plukkar ein jury ut om lag 25 ungdomar som skal representere Sogn og Fjordane på landsmønstringa i Trondheim i juni. For 2013 er det inngått samarbeidsavtale mellom Førdehuset og fylkeskommunen om gjennomføring av fylkesmønstringa. Fylkesmønstringa er eit arrangement som går over 3 dagar, med 4 sceneforestillinger, kunstutstilling og videoframsying og om lag 350 ungdomar deltar på fylkesmønstringa. Budsjettet er utarbeidd på grunnlag av at billettinntektene tilfell Førdehuset og at kommunane dekkjer kostnadane med mat og overnatting for sine deltakarar. Kostnadar og deltaking på Landsmønstringa i Trondheim er det fylkeskommunen som har ansvar for.

I budsjett 2014 er det sett av kr 520 000 til fylkesmønstringa. Kostnadane med mønstringa har auka dei siste åra og budsjettet må aukast opp med kr 100 000. Fylkesdirektør rår til at det totalt vert sett av **inntil kr. 100 000** ekstra til arbeidet med fylkesmønstringa og landsmønstringa. Totalt vert det sett av **kr 620 000** til UKM i 2014. Budsjettdekning teneste 7900.

b. Fylkesting for ungdom/ungdomspolitisk utval (UPU)

Kulturavdelinga har sekretariatsansvar for ungdomspolitisk utval og tek saman med dei ansvar for gjennomføring av eit årleg Fylkesting for ungdom og ei årleg nettverksamling for ungdomsråda i kommunane, der opplæring i møte-, tale- og debatteknikk er sentralt. Ungdomspolitisk utval har jamnlege møter. UPU er sett saman av ungdom frå heile fylket og det er difor naudsynt å ha møta i helgane med overnatting, dersom alle skal kunne møte. Kostnadene med drift av UPU er knytt til desse møta, reiser, konferansedeltaking og oppfølging av dei lokale ungdomsråda. Nettverkssamling for dei lokale ungdomsråda er no lagt til hausten og fylkestingssamlinga til vårhalvåret. På teneste 7900 vert det for 2014 sett av kr 0,219 til ungdomspolitisk utval og fylkesting for ungdom.

c. Driftstilskot til idrettsanlegg

Fylkeskommunen yter driftstilskot til store idrettsanlegg i fylket. Etter vedteken fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse er Ullsheim, Nordfjord fritidssenter, Langeland ski- og fritidssenter og "SkiSogn" (Sogn Skisenter og Sogndal Skisenter) utpeika til å få fylkeskommunalt driftstilskot i perioden 2010-2013. Etter regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 -2017 skal desse driftstilskota vidareførast.

Det kommunale bidraget skal vere minst same sum som fylkeskommunen yter. Storleiken på det fylkeskommunale driftstilskotet har vore på kr. 200 000 dei siste åra, fordelt med kr 50 000 på kvart anlegg.

Fylkesdirektør rår til at det vert sett av **kr. 200 000** i driftstilskot til idrettsanlegg i 2014 med same vidarefordeling som før. Budsjettdekning teneste 7750.

e. Skjøtsel av kulturminne

Hovudutval for kultur har tidlegare sett av midlar til kulturminnetiltak. Ordninga med tilskot til kulturminnevern fall bort etter budsjettprosessen for 2011. Innafor denne ordninga vart det avsett midlar til avtalar som er inngått til skjøtselstiltak i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har inngått 3-5 årige skjøtelsavtaler med 3 ulike aktørar i fylket. Det gjeld gardsanlegg frå vikingtida på Ytre Moa (Årdal), jernaldergardsanlegg på Modvo (Luster) og helleristningsfelt i Vingen (Bremanger). Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av **inntil kr. 100 000** for å oppfylle skjøtelsavtaler i 2014. Budsjettdekning teneste 7900.

f. Kurs/konferansar/nettverksbygging

Gjennom fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør er det stor aktivitet innan kurs, arbeidsseminar, konferansar, m.m. Dette gjeld på alle felt av fylkeskommunen sitt kulturengasjement. Dette er viktige møteplassar for aktørane på kulturfeltet. Fylkeskommunen står ofte som arrangør eller medarrangør. Det er også forventa/ønskjeleg at fylkeskommunen kan bidra med fagleg kompetanse, hente inn ekstern kompetanse, m.m. Det vert vurdert dagskonferansar/arbeidsseminar for aktuelle målgrupper. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av **inntil kr. 200 000** til disposisjon til kurs, konferansar, o.l. i 2014. Budsjettdekning teneste 7900.

g. Samarbeidsavtale med Harmonien / Bergen Filharmoniske Orkester

Det er forhandla fram ny avtale med BFO om speling i Sogn og Fjordane i tidsrommet hausten 2014 til våren 2017. Spelstader vert Førde, Sogndal, Sandane og Florø. Fylkesdirektøren kjem attende med eiga sak om godkjenning av avtalen. Det er lagt inn ein liten auke i tilskotet frå lokal arrangør og fylkeskommunen. For fylkeskommunen sin del vil tilskotet for 2014 utgjere kr 110 000. Fylkesdirektøren rår til eit tilskot på **kr 110 000** til dette konsertsamarbeidet, og legg til at løyvinga vert gjort gjeldande under føresetnad av at hovudutvalet godkjenner avtalen når den kjem til handsaming. Budsjettdekning teneste 7900.

4 KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til omtale over, og rår hovudutval for kultur til å gjere vedtak i tråd med tilrådingane.